

## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) Landro skule

Tidspunkt:	<b>Måndag 05.11.20 Kl. 18-20</b>	Stad:	<b>Digitalt møte på Teams</b>
<b>DESSE VAR KALLA INN:</b>			
Birte Berge Antvedt	Foreldrerådet		
Lisbeth Kvalheim	Undervisningspersonalet		
Ingvild Langeland Tellnes	Undervisningspersonalet		
Monica H. Sæle	Andre tilsette		
Hege Misje	Kommunal representant, politisk Meldt avbod		
Nils Kåre Skoge	Vara kommunal representant, politisk Meldt avbod		
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor		
Sak nr.			
<b>1-20/21</b>	<b>Konstituering av SU:</b> Leiar: Lisbeth Kvalheim Nestleiar: Birte Berge Antvedt Frå undervisningspersonalet deltek Ingvild på møta i skulemiljøutvalet (SMU)		
<b>2-20/21</b>	<b>Møteplan for skuleåret 2020-2021:</b> Møtedag blir torsdagar kl. 18-20. <ul style="list-style-type: none"> <li>• 05.11.20 SU</li> <li>• 10.12.20 SMU/SU</li> <li>• 28.01.21 SU</li> <li>• 11.03.22 SMU/SU</li> </ul> Rektor sender ut outlookinnkalling til desse møta.		
<b>3-20/21</b>	<b>Saker frå skulen til orientering og drøfting:</b>  <b>Gult nivå</b> Rektor orienterte litt om korleis skulekvardagen fungerer for elevar og tilsette no når vi er på gult nivå grunna koronasituasjonen. Det er viktig		

at vi har fokus på godt smittevern, samstundes som elevane skal få oppleve ein så «normal» skulekvardag som mogleg. Vi har fokus på avstand og hygiene. Elevane er delt i ulike soner i friminutta, og vi har forsterka reinhald. Det skal vera låg terskel for å halde seg heime dersom ein har t.d. symptom som sår hals o.l. Det vil i praksis seie at både elevar og tilsette som ikkje er i form må halde seg heime. Dette medfører høgare fråvær enn vanleg, og er tidvis krevjande med tanke på bemanning. Alt i alt tykkjer vi at både elevar og tilsette har tilpassa seg situasjonen på ein god måte, men vi gler oss sjølvstilt til vi er tilbake på grønt nivå igjen.

### **Arrangement og juleførebuing**

Med auke i smittesituasjonen i kommunen vår er det innført fleire strenge tiltak knytt til arrangement. Vi kan difor ikkje arrangere juleavslutning med føresette, verken klassevis eller på tvers av klassar. Den tradisjonelle julekonserten/juleforestillinga i gymsalen må diverre utgå. På skulen skal vi ha fokus på at elevane våre får oppleve ei fin førjulstid med kjekke aktivitetar i klassen og på trinnet.

### **Glådag, Olweus, Garen på Landro, skaparverkstad**

Vi orienterte litt om ulike aktivitetar og prosjekt på Landro skule.

Glådagen går sin gang kvar torsdag, men er organisert på ein annan måte enn til vanleg. Vi kan ikkje ha felleskor i gymsalen eller blanda elevane på tvers av trinna når dei har dei praktiske aktivitetane. Aktivitetane er difor organisert trinnvis og i eigen kohort.

Olweus-arbeidet har fokus gjennom heile skuleåret. Vi er opptekne av at det skal vere positiv leik og aktivitet i friminutta, då dette er førebyggjande og viktig for å skape eit godt skulemiljø. Ute skal elevane bli møtt av trygge vaksne som har tilsyn. Kvar 14. dag har kvar klasse temamøte/klasse møte med fokus på trygt og godt skulemiljø.

Nytt av året er at vi samarbeidar med Garen på Landro. Dette er eit pilotprosjekt der to av lærarane har timar knytt til praktisk læring og undervisning på garden. Elevane får dette tilbodet som ein del av si tilpassa opplæring. Det har vore ein god start på pilotprosjektet, og ca. 30 av elevane våre har så langt fått nytta tilbodet. Dei er svært positive i sine tilbakemeldingar.

Vi er i gong med å byggje opp vår eigen skaparverkstad på loftet ved gymsalen. I løpet av året er planen å innreie dette rommet med ulikt utstyr som elevane skal få bruke i undervisningssamanheng. Digitalisering og forskning på eigen praksis kan vere stikkord for kva vi tenkjer skaparverkstaden skal famne om.

### **Bruk av refleks**

Skulen har dei siste åra i samarbeid med FAU arrangert reflekskonkurransen. Vi ønskjer også i år å ha fokus på og motivere

	<p>elevane våre til å bruke refleks i desse mørke vintermånadane, men vi gjer det ikkje i form av ein konkurranse.</p> <p><b>Elevrådet</b> Som leiar av elevrådet orienterte Ingvild om elevrådsarbeidet og kva saker elevane har spelt inn denne hausten. Dei er kreative og har mange gode forslag og innspel. Det har vore møte både med rektor og vaktmeister for å drøfte kva vi kan få til. Elevane har ønske om ein del utstyr til bruk i friminutta. Skulen har kjøpt inn ein god del, men vi drøfta også om FAU ønskjer å bruke nokre midlar til dette? Grunna få arrangement har ikkje FAU den same økonomien som før, men Birte tek spørsmålet med seg til neste møte i FAU.</p> <p>Elevrådet spelar også inn ønske om leksehjelp for mellomtrinnet. Vi drøfta denne problemstillinga. Saken har også tidlegare vore drøfta i SU, men utan at vi konkluderte med endring. Det er i dag 2.-4. trinn som får tilbod om leksehjelp. SU ønskjer å jobbe vidare med denne saken. Rektor drøftar den i plangruppa, og FAU-leiar tek den opp på neste møte i FAU. Rektor ønskjer også å høyre kva erfaring andre skular har med å gjennomføre leksehjelpen på mellomtrinnet. Vi er einige om at det er elevane sine behov, og kva som vil vere best for dei som skal vege tyngst.</p>
4-20/21	<p><b>Saker og spørsmål frå FAU til orientering og drøfting:</b></p> <p><b>Orientering om konstituering</b> Birte orienterte om konstituering av FAU. Det har vore gjennomført digitalt møte grunna koronasituasjonen. Representantane er på plass, og val av leiar, kasserar og arrangementansvarleg er gjennomført. Det gjenstår val av nestleiar. Det blir avklart på neste FAU-møte. Nestleiar vil også vere deltakarar i SU.</p> <p><b>Status og årshjul</b> FAU har bestemt datoar for møter i FAU dette skuleåret: 15.10, 19.11, 18.02 og 06.05. Birte stiller spørsmål om dette er tilstrekkeleg med møtepunkt i løpet av året? Ho ønskjer å drøfte dette i neste møte.</p> <p>Det har vore overføring der avtroppande FAU-leiar har orientert om kva som er FAU sine oppgåver. Då det grunna koronasituasjonen er vanskeleg å gjennomføre dei tradisjonelle arrangementa (17. mai, bingo og disco), må ein vere kreativ og tenkje nytt. Dette blir tema på neste møte.</p> <p><b>Heimeskule og karantene</b> Det blir stilt spørsmål om skulen er førebudd dersom det skulle oppstå smitte som medfører at klassar går ut i karantene? Ja, skulen er førebudd på ulike situasjonar som kan oppstå. Vi har utarbeidd vår eigen handlingsplan ved smitte og/eller karantene på Landro skule. Ved ytterlegare auke i smittesituasjonen kan det også vere aktuelt å gå over til raudt nivå. Dette har vi planar på og øving i frå i vår, så her vil vi</p>

iverksette tiltak etter behov. Dersom klassar går ut i karantene vil elevane få fjernundervisning.

### **SMS vedrørende parkering i bussløyfa**

FAU-leiar peikar på at det er ein del som brukar bussløyfa til parkering. Rektor orienterer om at dette ikkje er ønskjeleg og vil på ny sende ut SMS til føresette som minner om dette. All parkering skal foregå på parkeringsplassen vår. Bussløyfa er berre til av- og påstiging.

### **Fast samarbeid med andre FAU? Samhandling i nærområdet?**

FAU stiller spørsmål om korleis det er med samarbeid med andre skular sine FAU, samt samhandling om ulike problemstillingar for barn og unge i nærmiljøet?

Det har vore relativt lite samarbeid med FAU på dei andre skulane i nærleiken. Det var planlagt eit samarbeid mellom skulen og FAU på Ågotnes og Landro før nedstenging i mars 2020. Då skulle 6. og 7. trinn på begge skulane få delta på eit foredrag med Marco Elsafadi.

Dette er eit spennande og viktig tema som vi kjem tilbake til på neste SU-møte. Tidleg innsats bør prioriterast. Det er meir samarbeid på tvers knytt til ungdomsskulane våre (politi, SLT-kontakt, næringsliv). Korleis få til meir samhandling mellom desse aktørane i tidlegare fase? Det er billigare å førebyggje enn å reparere!

KFU (kommunalt foreldreutval) kan også vere ein riktig arena å drøfte desse problemstillingane. Denne hausten har det ikkje vore innkalt til møte i KFU, men vi reknar med at det blir starta opp att.

### **Ressursar i skulane**

FAU lurar på kva som er status i høve til nedtrekk av ressursar i skulen. Det har den siste tida vore oppslag i lokalavisa der det er sett fokus på forslag om nedskjeringar på nokre tilbod for barn og unge. Det er riktig at kommunedirektøren har lagt fram ulike forslag til budsjettkutt, og i neste runde skal politikarane drøfta og prioritera. Kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon der det er naudsynt med kutt. Både FAU og skulen er opptekne av at elevane skal ha eit godt og forsvarleg tilbod, så dette er også ei sak som det er viktig at vi engasjerar oss i. I neste møte kan vi utfordra politisk representant til å seie noko om økonomien og dei naudsynte prioriteringane som må gjerast i tida som kjem.

*Referent:*  
*Anita Vabø*  
*Rektor*